

Nordisk og europeisk tilsynssamarbeid

Gjennom mange tiår har det vore eit godt og nært samarbeid mellom dei statlege sosial- og helseforvaltningane i dei nordiske landa. Dette har sjølvstendig grunnlaget sitt i det nære politiske samarbeidet mellom desse landa, og ikkje minst det samanfalande velferdspolitiske grunnlaget som ein har hatt i tida etter Den andre verdskrigen.

Samarbeidet har handla om sams godkjeningsordningar for helsepersonell, statistikkarbeid, beredskap og utfordringar i grenseflata mellom fag og politikk ved yting av sosial- og helsetenester. Samarbeid om utvikling, planlegging og gjennomføring av tilsyn har det derimot ikkje vore så mykje av, trass i at ein i mange år jamleg har hatt nordiske fagkonferansar for tilsynsetatane. I 2011 skal Noreg vere vertskap for den første samla konferansen om tilsyn med barnevern-, sosial- og helsetenestene i Norden.

På europeisk nivå har kontaktane mellom dei statlege tilsynsorgana vore meir avgrensa og sporadiske. I 1996 tok dåverande direktør Jitze Verhoeff i det nederlandske helsetilsynet initiativet til å etablere eit nettverk av statlege helsetilsynsorgan i Europa. Noreg har delteke i dette arbeidet frå starten. I mange år gjekk arbeidet ganske trått. Interessa for samarbeid om tilsyn over landegrensene var heller låg. Berre Nederland og Noreg har delteke gjennom heile perioden. Kanskje ikkje så rart, for i ei årrekke var det desse to landa som

hadde dei mest like og reinaste tilsynsorgana i dei aktuelle landa.

Men dei siste par åra har kontakten auka vesentleg. Ei årsak til dette er framlegget om eit EU-direktiv om helsetenester over landegrensene. Dette vil utan tvil stille tilsynsorgana overfor store samarbeidsutfordringar. Vidare har mange land styrkt tilsynsfunksjonen sin monaleg, ikkje berre overfor helsetenester, men også sosiale tenester.

Saman med Care Quality Commission (www.cqc.org.uk) i England og Inspectie voor de Gezondheidszorg (www.igz.nl) i Nederland har Statens helsetilsyn i 2008 og 2009 vore ansvarleg for oppbygginga av EPSO – European Partnership for Supervisory Organisations in Health and Social Care (www.epsonet.eu). EPSO er ikkje eit overnasjonalt myndigheitsorgan, men eit fagleg nettverk mellom nasjonale, sjølvstendige tilsynsmyndigheiter.

Frå 2010 er nettverket fast etablert, førebels med deltaking frå Belgia, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Irland, Malta, Nord-Irland, Slovenia, Sverige, Tyskland og Ungarn i tillegg til dei tre samordnande landa. Hovudoppgåva er førebels å lage arenaer for utveksling av erfaringar knytte til tilsyn med tenesteytande verksemder og personell. Eit mål på lengre sikt er sams metodeutvikling og kanskje også samarbeid om tilsyn innanfor dei rammene som komande EU-reguleringar legg opp til.

